

# Sak til områdeutvala i Helsefellesskapet i Bergensområdet



## Orientering om innflytting i Glasblokkene hausten 2023

Dato	01.09.2023
Saksinnmeldar	Helge Bergmann / Kari Ulveseth
Kva gjeld saka?	Innflytting i Glasblokkene
Sakskategori (orientering - drøfting - vedtak)	Orientering
I kva områdeutvalg er saka aktuell?	Alle
Saksnummer (påføres av SSe)	23/23

### Bakgrunn:

Kva er bakgrunn og kontekst til saka? Kva prosessar er gjennomført og kven/kva aktørar er involvert?

#### Nytt sjukehus for barn, unge og kvinner opnar på Haukeland

Glasblokkene er det største byggeprosjektet på Haukeland sidan Sentralblokka stod ferdig i 1983. Psykisk helsevern for barn og unge, Energisenteret og anna aktivitet knytta til barn og unge har vore på plass i trinn 1 sidan 2016. I haust tek vi i bruk 2168 nye rom og 50.000 kvadratmeter i trinn 2. Glasblokkene er dermed komplett, og skal i hovudsak huse barn, unge og kvinner.

#### Heilskapleg og tilpassa tilbod for barn og unge

Når innflytting og oppstart av pasientbehandlinga startar i oktober, vil all aktivitet for barn og unge på Haukelandsområdet bli samla i Glasblokkene. Grunntanken og visjonen er at «eksperten skal

komme til barnet». Barn og unge skal få både utgreiing, behandling, opphald, skulegang og aktivitetstilbod på same stad i omgjevnader som er tilpassa dei. Det er dette som skjer no.

Barne- og ungdomsklinikken flytter heim etter 7 års opphald i Marie Joys' hus. I denne perioden har klinikken utvida tilboden til å gjelde pasientar inntil 18 år, og utvikla eit tett samarbeid med Psykisk helsevern for barn og unge. Samlokalisering i Glasblokkene vil bidra til ytterlegare samarbeid mellom alle einingane som møter barn og unge på sjukehuset.

Dei kirurgiske poliklinikkane for barn og unge flytter også inn, og frå våren 2024 vil den kirurgiske aktiviteten også flyttast frå operasjonssalane i Sentralblokka til dei nye i Glasblokkene.

Blodprøvetaking og laboratoriet ved Kvinneklinikken og Barne- og ungdomsklinikken vert slått saman og flytter inn i Glasblokkene. Også radiologiske tenester for barn og unge kjem inn i nybygget. Barnemottaket vil ta i mot medisinske barn og unge som i dag. På sikt vil også dei kirurgiske pasientane tas i mot her.

På Forskingssenteret for kvinner, barn og unge vert Klinisk forskingspost for barn og unge samla med mellom anna Kvinneklinikken og universitetet sin forskingsaktivitet. Ny infrastruktur og samlokalisering legg til rette for mål om ny og betre kunnskap om pasientgruppene som er i Glasblokkene.

### **Familiebasert omsorg**

Glasblokkene er bygd for å gje plass til familiebasert omsorg. 7. november flytter heile Kvinneklinikken, med unntak av Fertilitetssenteret, inn. Kombinerte føde- og barseleiningar med enkeltrom og familierom gjer det mogeleg å ha partnar med gjennom heile opphaldet. Dette vil bli ei stor og viktig forbetring frå fleirsengsromma på den snart 100 år gamle Kvinneklinikken vi no skal flytte i frå.

Samlokalisering og nærliek til Barne- og ungdomsklinikken gjer det enklare å styrke samarbeidet og ivareta dei sjukaste kvinnene og barna i sjukehuset. I Glasblokkene kan eit nyfødd barn som har behov for behandling på Nyføddavdelinga ha foreldre buande saman med seg heilt frå starten. I dag vert mor og barn ofte skilt i to ulike bygg på kvar si side av Haukelandsområdet. Dette er blant endringane vi ser fram til.

Gynekologisk avdeling vert samla i to etasjar i blokk 6. I nye lokalar vil denne pasientgruppa få eit svært løft i sine møter med sjukehuset.

### **Palliativ sengepost**

På toppen av blokk 5 vil den palliative verksemda disponere 10 einerom. Eininga har vore lokalisert i Sentralblokka med liten plass sidan vi overtok verksemda. No er vi glad for at vi har lokala og omgjevnadane vi treng for å kunne gje god behandling og omsorg til fleire pasientar i siste fase av livet.

### **Meir enn eit nytt bygg**

Glasblokkene er bygd for dei som skal vere der. Målet er å gje pasientane ein meir heilskapleg, tilpassa og samanhengande spesialisthelseteneste. Leikerom og oppholdsareal ute og inne, arkitektur, fargar og kunst er viktig for å skape ein trygg ramme for pasientane. For barna vil eit sjukehus bygd i barnehøgde bidra til eit enklare møte med sjukehuset. Den viktigaste endringa er likevel at vi no samlar personell rundt pasientane og styrker samarbeid på tvers.

Samarbeidet med kommunane har blitt sterkare og meir omfattande gjennom Energisenteret og oppbygging av arbeidet i trinn 1. Når resten av Glasblokk-komplekset no står ferdig er ein viktig

brikke i samarbeidet med kommunane for meir heilskap i helsetilbodet på tvers av nivå være på plass.

## Orientering til samarbeidspartnerar om nybygget, kven som skal inn og korleis tenestene blir endra

Innflytting i Glasblokkene inneber nokre store endringar som treff svært mange menneske i kommunane. Den viktigaste endringa er sjølv sagt at vi flytter til ny lokalisering. Flyttinga og førebuing til drifta i nye og tilpassa lokalar inneber også forbeteringar i tilbodet slik vi har vist eksemplar på over.

Korleis påverkar Glasblokkene tilsette og tenester i kommunane? Heilt praktisk er det ikkje dei store endringar no utover at de og befolkninga finn oss på ein ny plass. Men for oss er det svært viktig at våre samarbeidspartnerar i kommunane kjenner til **kven som skal flytte, når dette skjer og litt om korleis tilbodet blir**. Vi trur til dømes at det er viktig at tilsette ved helsestasjonane veit at all aktivitet for barn og unge flytter til eit nytt sjukehus som er tilpassa barn, at jordmødrene som møter kvinnene ute veit at Kvinneklinikken flytter etter 100 år på same stad og at både fastlegar og legevakter har god kjennskap til at mottaket for barn og unge flytter.

Programleiringa og einingane som skal inn ønsker derfor å informere om nybygget, kven som skal inn, tidslinja framover og litt om korleis tenestene blir i områdeutvalsmøta no i august. Her vil programleiar Helge Bergmann møte, samt klinikkdirktørane på Barne- og ungdomsklinikken og Kvinneklinikken. Informasjonen vil omfatte alle tenestene som skal inn.

I tillegg til informasjonen på områdeutvalsmøta har vi invitert kommunane til **open dag** i Glasblokkene 12. september. Her vil de få omvisingar i huset og ikkje minst kunne møte representantar frå einingane som skal inn for å snakke om tilbod, endringar og samarbeid.

Invitasjonen til open dag for tilsette i kommunane finn det på [helse-bergen.no/opendag](http://helse-bergen.no/opendag). Denne er også sendt til postmottak i alle kommunane i Helse Bergen sitt føretaksområde. Vi oppmodar om at flest mogelege nyttar mogelegheita til å delta på denne dagen. Påmeldingsfrist er 6. september.

### **Bruk og del informasjonen**

Sjølve flytteprosessen er delt i to. I all hovudsak flyttar aktivitet knytta til barn og unge 23. oktober, medan Kvinneklinikken flytter 7. november. Vi har laga informasjonssider om flyttinga som vi oppmodar dykk om å bruke og dele. Sidene blir oppdatert fortløpende. Her finn det også kontaktinformasjon.

- Meir informasjon om Kvinneklinikken si flytting 7. november og tilbodet slik det blir i Glasblokkene er tilgjengeleg på [helse-bergen.no/kkflytta](http://helse-bergen.no/kkflytta)
- Meir informasjon om sjølve flyttinga, bygget og tilbodet retta mot barn og unge er tilgjengeleg på [helse-bergen.no/viflyttarbarnogunge](http://helse-bergen.no/viflyttarbarnogunge)
- Full oversikt over kva einingar som flytter inn når og litt om endringane dette medfører finn det her <https://helse-bergen.no/barn-og-unge-flytter-til-glasblokkene/avdelingane-iglasblokkene>

### **Forslag til vedtak:**

OU tek saka til orientering.